

Plan for kartlegging og analyse trygt og godt skulemiljø

Rutine for kartlegging av elevane sitt klassemiljø:

For at elevane skal vera i eit trygt og godt skulemiljø, treng me som tilsette i skulen viten om :

- korleis elevane har det
- kva relasjonar elevane har seg imellom
- kva relasjonar me tilsette har til elevane
- kva elevar som evt. er i faresona for å ikkje verta inkludert
- kven er ressurspersonane i klassen osb.

Målet er at me med denne viten kan gjera pedagogiske grep for å inkludera elevar i sårbar situasjon, ved å tenkja over gruppedeling, korleis løfta elevar gjennom fag og merksemd frå tilsette.

Rektor har ansvar for at kvar skule arbeider med tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at plikten til å varsla, til å undersøka og til å setja inn eigna tiltak ikkje vert oppfylt. Nesten alle varsel om at elevar ikkje får oppfylt retten til eit trygt og godt skulemiljø kjem i dag frå føresette.

Førebyggjande undersøkingar kan difor gi oss som arbeider i skulen ei større oversikt, og vurderer om det skal varslast.

Rektor vil rapportera til skuleeigar i påfølgjande rektormøte etter gjennomføring av dei halvårlege undersøkingane som ein del av kommunen si plikt til internkontroll, kommuneloven § 25-1; kor kommunen; «sikrer at alle som arbeider på skolen oppfyller plikten til å varsle der det er mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skulemiljø, eller blir krenket av en som arbeider på skolen §§ 9 A-4 og § 9 A-5»

Miljørettleiarane har saman med Guttorm Helgøy, nokre rektorar og avd. leiarar og leiar for skule laga ein plan med mål om at me skal førebyggja utanforskap. Alle undersøkingane finn de i compilo saman med denne planen.

NB! Det er lov for lærarane å leggja til spørsmål i undersøkinga om det er noko de i tillegg ynskjer å få svar på! Ha dialog med miljørettleiarane, dei kan vera ei støtte til dykk i gjennomføring og analysearbeidet i etterkant.

Me skal ha systematiske undersøkingar på alle trinn frå 1.-10. trinn i skulane i Kvam, to gonger i året. Innan veke 42 og veke 9. Relasjonskartleggingar og analysar av klasseundersøkingar skal gjerast i trinnmøte.

Trinn	Haust	Vår
1.trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram - Bussen
2. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Bussen - Sosiogram	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram
3.trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram - Aude øy	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram
4. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram - Dette passar best (smilefjes)
5. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Dette meiner eg om klasser (avkryssing) - Sosiogram	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram
6. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram - Aude øy	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram - Dette meiner eg om klassen min (avkryssing)
7. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram - Dette meiner eg om klassen min (avkryssing)	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram
8. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Aude øy - sosiogram

	- Dette meiner eg om klassen min (avkryssing)	
9. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram - Dette meiner eg om klassen min (avkryssing)	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Aude øy
10. trinn:	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Dette meiner eg om klassen min (avkryssing) -	- Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev - Relasjonskartlegging tilsett lagar over elevane i mellom - Sosiogram

Analyse og spørsmål til støtte etter undersøking:

- Er det elevar som aldri vert valt? Kva betyr dette?
- Er det nokon som vert valt veldig mange gongar?
- Var det noko i resultata som overraska?
- Tekstsvaer bør sjekkast ut for seg sjølv - det kan vera opplysningar som er lett å oversjå
- Set spørsmål opp mot kvarandre (kven er du saman med? Kven har du lyst å vera saman med?)
- Er det noko som bør undersøkast nærare?
- Er det noko eg har oversett? Detaljar?
- Må det opprettast aktivitetsplan?
- Samanlikna tidlegare undersøkingar, er det endring/utvikling/ som sist?
- Er det noko som kan hå påverka resultatet?

Tips:

- Vurdera å anonymisera når ein går gjennom. Ein oppdagar gjerer noko ein ikkje har lagt merke til tidlegare.
- Ved nummerering kan det vera fornuftig å ha gutar og jenter kvar for seg.

Kva tiltak vert trinnet samde om? Tidsfrist for gjennomføring, og eventuel plan for ny undersøking for oppfølging.